

Til: Fylkesordføreren i Sogn og Fjordane
Fra: NHO S&F og LO S&F
Kopi: Bekka Skaasheim og Tore Eriksen
Dato: 7. oktober 2015
Sak: Y-nemnda i Sogn og Fjordane

Innspel til oppgave og funksjon for fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane

Vi viser til mail frå Knut Grinde vedr. oppnemning av fagopplæringsnemnd (heretter FN) i Sogn og Fjordane for perioden 2016 – 2019.

Dei siste åra har det vore stort fokus på fag-/yrkesopplæringa i den vidaregåande skulen. Næringsliv manglar fagfolk og skrik etter personar med fagbrev. NHO og LO både lokalt og sentralt har fagopplæring som eit av sine viktigast satsingsområde. Både den noverande og førre regjeringa har stort fokus på å styrke og forbetre fag- og yrkesutdanninga. Kunnskapsdepartementet har sett i gang fleire prosjekt på området. Men trass i stor merksemd for å heve statusen for og betre utdanninga innan yrkesfaga, har altfor lite skjedd. Vi meiner det blir for mykje prat og for lite handlinga.

NHO Sogn og Fjordane og LO har spelt inn kandidatar til FN i Sogn og Fjordane. Men trass dette, vil vi at politikarane i fylket ser på ein ny modell for å, etter vår meining, styrke FN:

Vi ønskjer at det blir fremja ny sak der ein ser på retningslinene til FN. Inntil ny sak er fremja og handsama ber vi om utsetting av sak som omhandlar samansetjing av FN i fylket. Særskilt ønskjer vi "Rogalandsmodellen" med vedtaksrett vurdert opp mot Sogn og Fj.-modellen med høyringsrett. I brev mottatt frå fylkeskommunen blir det også skissert korleis nemnda skal setjast saman. Vi ønskjer også ei vurdering av dette, inkludert tal medlemmer. I Rogaland har nemnda etter det vi forstår seks (6) medlemmer, og vi bør vurdere det same her i fylket. "Rogalandsmodellen" har ei etter vår meining gode rammer i form av vedtaksrett og ein aktiv tredjepart ved at nemnda blir leia av fylkesordføreren. Vi bør også vurdere det.

Vi er i tillegg kjend med at Fylkesutvalet i Sør-Trøndelag fylkeskommune har gjort slikt vedtak i høve oppnemning av ny FN (Buskerud har også hatt oppe denne saka):

"I forbindelse med arbeidet med yrkesfagløftet, med målsetting om å øke status på yrkesfag og øke antall læreplasser, er det også fremkommet behov for å se på myndighetsområde til Y-nemnda.

Vi ser samtidig en økende arbeidsledighet også i Sør-Trøndelag. Dette gjør at vi må være enda tettere på arbeidslivet for å få riktig utdanningsløp og rådgivning.

I dag har Y-nemnda kun høyringsrett, mens for eksempel i Rogaland har Y-nemnda vedtaksrett.

Rogaland gjør det veldig bra på yrkesfagutdanning med fagbrev og læreplasser. Dette mener de henger sammen med ansvar og tillit til partene i arbeidslivet.

Fylkesutvalget ber derfor om en ny sak hvor en også ser på nye retningslinjer for Y-nemnda med tanke på innføring av en ordning tilsvarende Rogalandsmodellen.

En slik modell bør også Y-nemnda, og partene i arbeidslivet bli hørt på.

Dette kan også få betydning for Yrkesopplæringsnemndas sammensetning.

Derfor utsettes saken til ny sak blir lagt frem for fylkesutvalget."

Vi vil ut frå dette be fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune om å gjere tilsvarende vedtak.

Vi ønskjer altså ei seriøs og grundig vurdering av å innføre Rogalandsmodellen i Sogn og Fjordane, og meiner at dette også er aktualisert gjennom framlegget til vedtak når det gjeld Verdiskapingsplanens industridel som fylkestinget vedtok på møtet den 13. oktober. Her heiter det:

"I industristrategien som er ein del av verdiskapingsplanen til Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde fylkestinget følgjande samrøystes vedtak 13.10.15:

Delstrategi 2.2 Styrke yrkesfag for å støtte opp under rekrutteringsbehovet i industrien og sikre attraktive lokalmiljø.

Kartlegginga i den fylkesdekkande rapporten «Kompetansebygging, utvikling og rekruttering» (KUR, Sandal/Strømgren) syner eit stort rekrutteringsbehov i næringslivet i fylket framover. Dette er knytt til yrkesfaga. Vi ser rekrutteringsbehovet òg i statistikkar for alderssamansetjinga i industrien og andre bransjar, som viser at dei store etterkrigskulla snart går ut i pensjon. Framtidig behov for ungdom frå yrkesfag og viktigheita av satsing på yrkesfag blir gjenteke frå industriaktørane gjennom arbeidet med industristrategien.

Industrien er oppteken av å sikre relevans i utdanninga knytt til dei behova som eksisterer i næringslivet lokalt. Industrien er redd at samfunnet i for stor grad tek omsyn til ynska til dei unge heller enn kva behov det lokale næringslivet har for kompetanse. Det er viktig at den vidaregåande opplæringa er relevant og er med på å støtte opp under utviklinga i det lokale næringslivet. Gjennom eit tett samspel kan vi støtte opp under behova til næringslivets, samarbeidet mellom skule og næringsliv og god tilgang på læreplassar. Det er viktig at fagopplæringa er tett på næringslivet og lyttar til framtidige behov. Tilsvarende er det naudsynt at industrien er aktive i sin kontakt med fagopplæringa. For å sikre rekruttering av fagarbeidarar er det viktig at ungdom opplever at bedriftene tilbyr fagutdanna gode høve for utvikling.

Nærleik til dei vidaregåande skulane er viktig for bedriftene som skal rekruttere kompetansesarbeidskraft tilbake til lokalmiljø. Det handlar om attraktiviteten til lokalsamfunna.

Ansvar: Lagt til fylkeskommunen ved opplæringsutvalet/fagopplæringsnemnda"

Så snart eit svar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune føreligg på denne oppmodinga ønskjer vi å komme med konstruktive innspel til det vidare arbeidet med utforming av ei ny FN, både når det gjeld oppgåver, funksjon om samansetjing.

Vedlagt ei skissa av "Rogalandsmodellen".

Jan Atle Stang
Regiondirektør NHO Sogn og Fjordane
(Sign)

Nils P. Støyva
Distriktssekretær LO Sogn og Fjordane
(sign)

"ROGALANDSMODELLEN":

Seksjon for fag- og yrkesopplæring har i oppgave å kvalitetssikre opplæring i lærebedrifter i Rogaland.

- Formidling til lære plass.
- Godkjenning av opplæringskontor, lærebedrifter og lærekontrakter.
- Oppfølging av lærlinger og lærekandidater.
- Oppfølging av lærebedrifter og opplæringskontor.
- Kurs for instruktører, faglige ledere og prøvenemnder.
- Godkjenning av oppmelding til fag- og svenneprøver for lærlinger og praksiskandidater.
- Godkjenning av oppmelding til kompetanseprøve for lærekandidater.
- Utbetaling av tilskudd til lærebedrifter.

YRKESOPPLÆRINGSNEMNDA

1 Oppnevning og utvalg

Fylkeskommunen oppnevner yrkesopplæringsnemnda med oppgaver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4 i opplæringslova.

Yrkesopplæringsnemndas arbeidsoppgaver er gitt i opplæringslova §§ 4-3, 4-8 og 12-4.

1.1 Sammensetning

Nemnda skal ha medlemmer med personlige varamedlemmer som til sammen har bred inn-sikt i hele fag- og yrkesopplæringen og i nærings- og sysselsettingsspørsmål. Partene i arbeidslivet skal ha flertall i nemnda og minst én representant skal oppnevnes etter forslag fra organisasjoner som representerer elever, lærlinger og lærekandidater. Nemnda velger selv leder og nestleder, jf opplæringslova § 12-3.

Kommuneloven § 14 nr. 1 bokstav a gjelder ikke for oppnevning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.

1.2 Funksjonstid

Funksjonstida til nemnda er den samme som for fylkestinget. Lærlingerepresentanten blir oppnevnt for to år om gangen.

1.3 Saksforberedelse

Fylkeskommunen forbereder de sakene nemnda skal behandle.

1.4 Delegering

Yrkesopplæringsnemnda kan gi rådmannen fullmakt til å gjøre den yrkesfaglige vurderingen av bedrifter eller til å utføre andre oppgaver som etter lov og forskrift er lagt til yrkesopplæringsnemnda. Ansvar og myndighet i Rogaland fylkeskommune Side 24 av 69

1.5 Yrkesutvalg

Nemnda skal oppnevne et rådgivende yrkesutvalg for hvert fag eller fagområde, eller benytte prøvenemnda som yrkesutvalg. Departementet kan gi forskrifter om sammensettingen av og virksomheten til yrkesutvalget.

2 Yrkesopplæringsnemndas ansvarsområde og arbeidsoppgaver

Jf. § 12-4 og forskriften kapittel 11

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter opplæringslova § 4-8 er pliktige til å legge fram for nemnda.

Dette gjelder blant annet saker om:

- Godkjenning av lærebedrifter jf § 4-3 jf forskriften § 11-1
 - Tap av godkjenning jf forskriften § 11-5
 - Fylkeskommunens system for fag- og yrkesopplæring

Ved godkjenning og tap av godkjenning for lærebedrifter skal fylkeskommunen legge avgjørende vekt på nemndas faglige vurdering.

Yrkesopplæringsnemnda skal for å utvikle og sikre kvaliteten på fag- og yrkesopplæringen

- Fremme forslag til organisering, arbeidsmåter og strategier
 - Vurdere og uttale seg til rutiner i fylkeskommunen
 - Vurdere hvordan partene i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og –sikring
 - Vurdere hvordan samhandling mellom skoler og lærebedrifter kan forbedres
 - Vurdere hvordan kompetanseutvikling kan sikres
 - Arbeide for best mulig dimensjonering av videregående opplæring og gi råd om tiltak
 - Arbeide for best mulig rådgivning og foreslå tiltak
 - Gi råd om samhandling mellom skoler og bedrifter for å medvirke til regional utvikling

Følgende paragrafer i opplæringsloven delegeres til yrkesopplæringsnemnda:

§ 4-3 Godkjenning av lærebedrifter

§ 4-5 Godkjenning/avvisning av lærekontrakter og opplæringskontrakter

§ 4-6 Enkeltvedtak knyttet til endring av kontraktsforhold, heving, avslutning eventuelt videreføring av kontraktsforhold hvor partene (lærling lære-bedrift) er uenige om kontraktsforholdet

§ 4-8/3-5 Godkjenning/avvisning av fag-/svenneprøve utenom læreforhold / skole

§ 4-8 Oppnevning av prøvenemnder og yrkesutvalg

Følgende paragraf i forskrift til opplæringsloven delegeres til yrkesopplæringsnemnda:

§ 4-62 Utstedelse av fag- og svennebrev